



Advokatfirmaet Harris v/advokat Olav Pedersen  
Postboks 4115 Sandviken  
5835 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/5969 - 14/17713

Saksbehandlar:

Eli Bjørklid

Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:

05.08.2014

## Gbfnr 108/1/45 Lindås. Frådeling av festetomt.

Eigedom: Gnr.108 bnr.1 fnr.45 Lindås  
Adresse for eiged.: Fjellangersvingane 361, 5955 Lindås  
Type tiltak: Frådeling av festetomt  
Heimelshavar: Opplysningsvesenets fond  
Søker: Advokatformaet Harris

### Saka gjeld:

På vegne av Opplysningsvesenets fond søker advokatfirmaet Harris om å få dele frå festetomt nr. 45 av Lindås prestegard. Festetomten har eit areal på 1700m<sup>2</sup> og er nytta til bustadtomt.

Søknad om deling kom inn til kommunen i juli 2013. Då administrasjonen såg etter i papira vedrørende eigedommen, synte det seg at tomta var utskilt som eige parsell og oppmålt i 1969 med gbnr.108/83. Same året vart og festenummeret oppretta. Såleis såg det ut til at oppmåling på nytt ikkje skulle vere naudsynt, og heller ikkje ny deling. Det har i midlertid synt seg å vere umogeleg å nøste opp i desse tidlegare hendingane, og spørsmålet om løyve til frådeling vert no teke opp på nytt.

### Plansituasjon/dispensasjonar:

I gjeldande arealplan er festetomta som no skal delast frå markert som område for bustad. Det er såleis ikkje naudsynt med dispensasjon.

Det er heller ikkje naudsynt å handsame søknaden i høve til jordlova §12, då festetomta alt er oppretta og har vore nytta til bustadføremål i meir enn 40 år.

### Tilkomst/vassforsyning og avløp:

Deling fører ikkje til endringar i desse tilhøva.

### VEDTAK:

Med heimel i pbl.§20-1 bokstav m) gjev Lindås kommune løyve til å dele frå 1700m<sup>2</sup> eksisterande festetomt frå gnr.108 bnr.1, slik det er søkt om. Tomten omfattar det arealet som i gjeldande plan er sett av til bustadføremål.

### Grunngjeving for vedtaket:

---

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567  
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Kommunen vurderer søknad om deling etter pbl §20-1 og §26-1. Eigedom må ikkje delast på ein slik måte at det oppstår forhold som er i strid med lova, føresegn, vedtekt eller plan. Det må heller ikkje verte skipa tomter som etter kommunen sitt skjøn ikkje er skikka til bygging på grunn av storleik eller form.

Tiltaket no gjeld frådelling av ein festetomt oppretta i 1996. Hus er alt bygget på staden. Bruken av arealet er i samsvar med gjeldande plan.

Løyve til deling er gjeve etter offentlegrettslege føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Det kan hefte servituttar ved eigedommen som privatrettsleg kan vere til hinder for deling. Privatrettslege forhold vedkjem ikkje løyvet til deling av eigedommen gjeve av kommunen med heimel i pbl.

**Bortfall av løyve:**

Dersom deling ikkje er gjennomført med oppmålingsforretning innan tre år etter at løyvet til deling er gjeve, fell løyvet bort, jf. pbl.§21-9.

**Gebyr:**

Etter gebyrregulativet til kommunen vedteke i desember 2013 gjeldande for 2014, vert det sendt ut følgjande gebyr:

Søknad om deling i uregulert område, andre føremål kr.5800,-

**Mynde:**

Saka er handsama og avgjort av Areal- og miljøavdelinga i høve til delegert mynde.

**Klage:**

Partane kan klage til overordna mynde over vedtaket, jf. Forvaltningslova §§28 flg. Sjå vedlegg.

Med helsing

Arnold Matre  
fagleiar

Eli Bjørklid  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Aslaug Gunvor Wergeland

Fjellangersvingane 5955  
361

LINDÅS

**Mottakarar:**

Advokatfirmaet Harris v/advokat  
Olav Pedersen

Postboks 4115  
Sandviken

5835

BERGEN